



Møteinnkalling

Valstyret

Dato: 19.02.2019 rett etter møte i
formannskap/kommuneplannemnd
Stad: Kommunestyresalen
Arkivsak: 15/01275
Arkivkode: 01

Forfall meldast snarast til Vanja L. Norman på tlf 31 40 88 31 eller på epost til vanja.norman@hemsedal.kommune.no

Varamedlemer møter etter nærare avtale.

Sakskart

Side

Saker til behandling

1/19	19/00278-1	Utlegging av manntal til offentlig ettersyn	2
2/19	19/00278-2	Tid og stad for førehandsstemming	4
3/19	19/00278-3	Oppnemning av førehandsstemmemottakarar	8
4/19	19/00278-4	Tid og stad for stemming på valdagen	10
5/19	19/00278-5	Delegering av mynde	12
6/19	17/00704-10	Godkjenning av protokoll frå møte i valstyret 19.2.2019	15

Hemsedal, 12.02.2019

Oddvar Grøthe
Leiar i valstyret

Saker til behandling

1/19 Kommunestyreval og fylkestingsval 2019 - Utlegging av manntal til offentlig ettersyn

Arkivsak-dok. 19/00278-1

Saksbehandler Nina Eikre

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Valstyret	19.02.2019	1/19

KOMMUNESTYREVAL OG FYLKESTINGSVAL 2019 - UTLEGGING AV MANNTAL TIL OFFENTLEG ETTERSYN

Saka vert avgjort av:

Valstyret

Vedlegg:

Ingen

Dokument i saka:

[Vallov](#) og [-forskrift](#)

Saksopplysningar:

For å kunne stemme må veljaren vere ført inn i manntalet i ein kommune på valdagen. Det er Folkeregisteret per 30.juni i valåret som blir lagt til grunn. Alle personar som har stemmerett, skal manntalsførast i den kommunen der dei var registrerte som busette på dette tidspunktet.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet er ansvarleg for at manntalet vert oppretta og oppdatert. Vallova legg til grunn at folkeregistermyndigheitene så snart som mogleg etter skjeringsdatoen 30. juni overfører manntalsopplysningane (rådata) til EVA (KMD sitt elektroniske valadministrasjonssystem). Kommunane får tilgang til manntalet i EVA, og kan skrive ut manntalet. Så snart det lèt seg gjere, skal valstyret leggje manntalet ut til offentlig ettersyn, jf. vallova § 2-6 første ledd.

Det er ikkje fastsett nokon bestemt dato for utlegginga, men det er føresett at det skal skje så snart det lèt seg gjere.

Manntalet kan ikkje leggjast ut på internett, jf. folkeregistreringslova § 13.

Valstyret skal kunngjere tid og stad for utlegginga og opplyse om høvet til, og framgangsmåten for, å krevje feil retta, jf. vallova § 2-6.

Vurdering:

Ved dei siste vala har manntalet ligge ute til offentleg ettersyn i tenestetorget og i biblioteket. Det har ikkje kome inn merknadar til dette, noko som tyder på at ordninga er tilfredsstillande.

Rådmannen si innstilling:

Valmanntalet vert lagt ut til offentleg ettersyn så snart det let seg gjere etter 1.juli 2019. Manntalet skal ligge ute til og med valdagen i tenestetorget i Hemsedal kommunehus og i Hemsedal folkebibliotek.

Tid og stad for utlegging vert kunngjort i samsvar med vallova §2-6.

2/19 Kommunestyreval og fylkestingsval 2019 - Tid og stad for førehandsstemming

Arkivsak-dok. 19/00278-2

Saksbehandler Nina Eikre

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Valstyret	19.02.2019	2/19

KOMMUNESTYREVAL OG FYLKESTINGSVAL 2019 - TID OG STAD FOR FØREHANDSSTEMMING

Saka vert avgjort av:

Valstyret

Vedlegg:

Ingen

Dokument i saka:

[Vallov](#) og [-forskrift](#)

Saksopplysningar:

Det er kommunane som har ansvaret for å leggje til rette for førehandsstemminga innanriks. Reglane om førehandsstemming står i vallova kapittel 8 og valforskrifta kapittel 6.

Tidlegstemming

Tidlegstemming er meint som ei ordning for dei som ikkje har høve til å førehandsstemme innanfor ordinær førehandsstemmeperiode eller på valdagen.

Veljarar skal kunne stemme innanriks frå 1. juli, såkalla tidlegstemming. Det skal vere mogleg å stemme tidleg fram til og med 9. august, det vil seie fram til den ordinære førehandsstemminga startar 10. august.

Det er ikkje krav om at veljaren må dokumentere at han eller ho ikkje har høve til å førehandsstemme eller til å stemme på valdagen.

Veljarane skal ha høve til å stemme i kva som helst kommune i landet. Det er med andre ord ikkje noko krav om at veljaren skal stemme i den kommunen han eller ho er manntalsført.

Valstyret skal fortløpande sende stemmene til den rette kommunen, der det er aktuelt.

Veljaren må vende seg til kommunen og be om å få stemme.

I valforskrifta heiter det at «Valgstyret angir sted for slik stemmegivning. Valgstyret bør, så langt det lar seg gjøre, ta hensyn til velgers ønske med hensyn til tidspunkt for stemmegivning». Det må likevel vere greit at veljaren blir beden om å stemme innanfor ordinær arbeidstid. Det er naturleg at valstyret kunngjer tidspunkt for tidlegstemming. Ved førespurnad får veljaren da oppgitt desse tidspunkta for når han eller ho kan stemme.

Valforskrifta slår fast at «Valgloven og valgforskriftens regler for forhåndsstemmer gjelder tilsvarende». Dette inneber mellom anna at kravet til at stemmer skal gjevast i «einerom og usett» gjeld tilsvarende. Ein kan bruke avlukke eller eit eige rom dersom dette er meir tenleg. Krava til hemmeleg val skal følgjast på same måten som elles. Hovudregelen for den ordinære førehandsstemminga i vallova § 8-4 (2), (3) og (4) om stemmesetel rett i urna gjeld ikkje. I staden er framgangsmåten for tidlegstemming gitt i § 24 a (4) i valforskrifta. Under tidlegstemminga skal stemmesetelkonvolutt, valkort og omslagskonvolutt alltid nyttast.

Ordinære stemmesetlar er mest sannsynleg ikkje klare til 1. juli. I så fall skal departementet sin generelle stemmesetel med punktskrift nyttast.

Ordninga med tidlegstemming er som tidlegare nemnt tenkt ordna på ein enkel måte. Det er likevel viktig at kommunane offentleggjer at veljarane har dette høvet til å stemme, og at veljarane sjølve må vende seg til kommunen for å få den nødvendige informasjonen om når og kvar dei kan stemme.

Kravet om to stemmemottakarar gjeld ikkje ved tidlegstemminga.

Ordinær førehandsstemming

Den ordinære førehandsstemminga føregår frå og med 10. august i valåret. Førehandsstemming kan ikkje skje seinare enn siste fredag før valdagen.

I Hemsedal har ein ved dei siste vala halde ope for førehandsstemming i kommunehuset i tenestetorget si opningstid. I tillegg vart det ved førre val halde ope for førehandsstemming siste laurdagen og langope siste torsdagen i perioden for førehandsstemming.

Ettersom hovudregelen òg ved førehandsstemming er at stemmesetelen skal leggjast rett i urna, må det til ei kvar tid må vere 2 stemmemottakarar tilstade ved ordinær førehandsstemming.

Det er valstyret som avgjer kvar det skal vere mottak av førehandsstemmer. Valstyret må vurdere konkret kor mange stader det er behov for å ha mottak av førehandsstemmer i kommunen. Det same gjeld for opningstider. Lova byggjer likevel på ein føresetnad om at det i heile perioden skal vere mogleg å førehandsstemme minst ein stad. Dette gjeld likevel berre på vanlege arbeidsdagar (måndagar–fredagar).

Bygdaheimen

Ifølge vallova skal det haldast førehandsstemming på helse- og sosialinstitusjonar.

Ein kan også ta imot førehandsstemmer heime hos personar som held til i trygde- og omsorgsbustader med direkte tilknytning til institusjonar som er nemnde framafor.

Det skal haldast førehandsstemming minst ein dag ved institusjonar. Av omsyn til dei som har flytta inn sist, bør førehandsstemminga leggjast så nært opp til valdagen som mogleg.

Ambulerande stemming

Veljarar som på grunn av sjukdom eller uførleik ikkje kan stemme der det blir halde førehandsstemming, kan etter søknad til valstyret førehandsstemme der dei held til. Valstyret fastset svarfristen for når søknaden må vere komen inn til kommunen. Søknadsfristen skal fastsetjast til eit tidspunkt mellom tysdag og fredag den siste veka før valet. Valstyret må kunngjere ordninga med ambulerande stemming i god tid før fristen.

Om lokale for førehandsstemming

Valstyret skal kunngjere tid og stad for all førehandsstemming innanfor kommunen.

Vallova og valforskrifta stiller krav til dei lokala som skal nyttast til førehandsstemminga. Det følgjer av § 8 at stemminga skal gå føre seg i eigna lokale. Dette inneber at rammene rundt førehandsstemminga skal vere slik at veljarane kjenner seg tilfredse i situasjonen og trygge på at grunnleggjande tryggleiksrutinar blir sikra. Lokale der det blir avvikla førehandsstemming, bør såleis ha eit visst offisielt preg.

Vidare inneheld valforskrifta § 26 ein regel om at valstyret skal leggje førehandsstemminga til lokale som er lett tilgjengelege og der alle veljarane kan ta seg inn utan å måtte be om hjelp. Det skal vere mogleg for funksjonshemma å delta ved val på lik linje med andre veljarar.

Vurdering:

Tenestetorget i kommunehuset er godt eigna som lokale for både tidleg- og førehandsstemming. I perioden for førehandsstemming kan stemmer takast imot i opningstida frå kl. 9 til 15. Erfaringane har vist at det ikkje er mange som har nytta tilbodet om langope på torsdagar / laurdagsope førehandsstemmemottak, men av omsyn til dei som ikkje har høve til å stemme i den ordinære opningstida bør ein halde langope minst ein torsdag og ein laurdag før valet.

Det bør avtalast med Bygdaheimen kva for dato det passar best at førehandsstemminga ved institusjonen skal haldast. Denne dagen kan dei tilsette og dei som bur i trygde- og omsorgsbustadane og stemme om dei ønskjer det.

Fristen for når søknad om ambulerande stemming skal vere valstyret i hende bør setjast til siste tysdag før valet. Dette av omsyn til planlegging for mottak av denne type stemmegjeving.

Rådmannen si innstilling:

Tidlegstemming:

Veljarar kan stemme tidleg ved å vende seg til tenestetorget og avtale tid for stemmegjeving i perioden 1.juli – 9.august 2019.

Ordinær førehandsstemming:

Førehandsstemming i perioden 10.august – 6.september 2019 skal skje i tenestetorget i Hemsedal kommunehus i ordinær opningstid kl. 9 – 15.

I tillegg vert det halde ope for førehandsstemming same stad:

Laurdag 31.8.2019 kl. 10.00 – 14.00

Torsdag 5.9.2019 kl. 15.00 – 18.00

Førehandsstemming ved Bygdaheimen:

Dag og tid for førehandsstemming ved Bygdaheimen vert avtala med leiinga ved institusjonen og skal føregå ein dag i perioden 2. – 4.september 2019.

Ambulerande stemming:

Søknad om ambulerande stemming må vere valstyret i hende seinast tysdag 3.september 2019.

3/19 Kommunestyreval og fylkestingsval 2019 - Oppnemning av førehandsstemmemottakarar

Arkivsak-dok. 19/00278-3

Saksbehandler Nina Eikre

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Valstyret	19.02.2019	3/19

KOMMUNESTYREVAL OG FYLKESTINGSVAL 2019 - OPPNEMNING AV FØREHANDSSTEMMEMOTTAKARAR

Saka vert avgjort av:

Valstyret

Vedlegg:

Ingen

Dokument i saka:

[Vallov](#) og [-forskrift](#)

Saksopplysningar:

Valstyret nemner opp førehandsstemmemottakarane, jf. vallova §8-2 første ledd bokstav a.

Valstyret må nemne opp så mange stemmemottakarar som er nødvendig for å gjennomføre førehandsstemminga på ein tilfredsstillande måte. Vallova avgrensar kva oppgåver listekandidatar kan ha ved gjennomføringa av val, listekandidatar som er ført opp på valliste ved valet kan ikkje nemnast opp til stemmemottakarar i vedkomande kommune ved det valet.

Det er valstyret sitt ansvar å sørge for at stemmemottakarane får den nødvendige opplæringa. Stemmemottakarane må setje seg grundig inn i reglane om førehandsstemminga.

Vallova § 8-1 femte ledd bestemmer at det skal vere to stemmemottakarar til stades ved mottak av førehandsstemmer. Dette gjeld berre i den ordinære førehandsstemmeperioden innanriks, kravet om to stemmemottakarar gjeld ikkje ved tidlegstemminga. Kravet om to stemmemottakarar blei innført samtidig med at ein fjerna bruken av stemmesetelkonvolutt for veljarar som stemmer i eigen kommune. Når stemma blir godkjend og lagd i urna idet ho blir gjeven, kan ho ikkje sporast tilbake. Eventuelle feil vil derfor få større konsekvensar, da dei ikkje kan rettast.

At to personar er til stades, vil på denne måten auke kvaliteten på gjennomføringa. Det bidreg også til å oppretthalde tilliten til valordninga og verne valfunksjonærar mot mistenkjeleggjing.

Intensjonen bak føresegna er å sikre at to stemmemottakarar er vitne til gjennomføringa av den ordinære førehandsstemmegivinga, det vil seie at minst to stemmemottakarar fysisk er til stades når stemmesetelen blir stempla, det blir kryssa av i manntalet og veljaren legg setelen i urna. Det verkar med andre ord ikkje til å vere i tråd med intensjonane i lovføresegna dersom berre éin stemmemottakar tek imot førehandsstemmer mens den andre er oppteken med andre oppgåver i lokalet.

Det er opp til valstyret å bestemme organiseringa av stemmegivinga og korleis oppgåvene skal fordelast mellom stemmemottakarane i samsvar med lovgivinga. Kommunane må sjølve vurdere om kravet er oppfylt i dei ulike tilfella.

Vurdering:

Ved tidlegare val har dei tilsette i tenestetorget vore oppnemnde som førehandsstemmemottakarar, og ved dei to siste val med forsterking av andre kommunalt tilsette med arbeidsplass på kommunehuset. Desse har utført arbeidet som stemmemottakarar parallelt med det ordinære arbeidet i tenestetorget/stab.

Etter at det kom krav om to stemmemottakarar vart det behov for fleire, særskilt dei dagane det er stemming på Bygdaheimen og ambulerande stemming, og også dei siste dagane i førehandsstemmeperioden.

Ein rår difor til at talet på førehandsstemmemottakarar er minimum 7 personar, helst fleir. Stemmemottakarane kan ikkje vere listekandidatar.

Rådmannen si innstilling:

Som førehandsstemmemottakarar ved kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019 nemnst opp:

Marit Huso
Marianne Fekene
Hilde Storeskar
Møyfrid Østby Larsen
Pia Rørby Ruud
Julie Brendengen Jensen
Siw Tone Vilhelmsen
Vanja Langgaard Norman
Nina Eikre

Leiar i valstyret får mynde til å nemne opp fleire stemmemottakarar.

4/19 Kommunestyreval og fylkestingsval 2019 - Tid og stad for stemming på valdagen

Arkivsak-dok. 19/00278-4

Saksbehandler Nina Eikre

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Valstyret	19.02.2019	4/19

KOMMUNESTYREVAL OG FYLKESTINGSVAL 2019 - TID OG STAD FOR STEMMING PÅ VALDAGEN

Saka vert avgjort av:

Valstyret

Vedlegg:

Ingen

Dokument i saka:

[Vallov](#) og [-forskrift](#)

Saksopplysningar:

Vallova fastset at val av representantar til fylkesting og kommunestyre skal haldast i alle kommunar på ein og same dag i september månad kvart fjerde år, i det andre året av kvar stortingsperiode. §9-2 slår fast at Kongen fastset valdagen til ein måndag.

Kommunestyret i den einskilde kommune kan vedta at det skal haldast val også sundagen før den offisielle valdagen, men i Hemsedal gjorde kommunestyret i sak 30/18 vedtak om at valdagen er 9.september 2019.

Det er valstyret som fastset opningstida for vallokala på valdagen, det er likevel slik at det ikkje er høve til å fastsetje at lokala skal haldast opne utover kl. 21.00. Elles inneheld ikkje vallova reglar som regulerer stemmetida, utanom at i den vedtekne opningstida skal vallokala vere opne heile tida. Det er ikkje høve til å stengje vallokala mellombels, t.d. for å ha matpause.

Der forholda tilseier det bør kommunen vurdere om vallokalet skal opne tidlegare på valdagen, t.d. klokka 08.00.

Vallova stiller krav til lokale som skal nyttast til stemming. Lokala skal vere eigna for stemmemottak og dei skal vere tilgjengelege for alle veljarar. Stemminga skal gå føre seg i *eigna lokale*. Dette inneber at rammene rundt stemminga skal vere slik at veljarane kjenner seg tilfredse i situasjonen og trygge på at grunnleggjande tryggleiksrutinar blir sikra. Lokale der det blir halde valting, bør såleis ha eit visst offisielt preg.

Veljarane skal kunne ta seg inn i vallokala utan hjelp.

Valforskrifta §§ 26 og 30 inneheld krav til god tilgjengelegheit inne i sjølve vallokala. Tilgjengelegheit til vallokala omfattar alle tilhøve inne i vallokalet som kan påverke høvet til å stemme, mellom anna skilting/merking, framkome, logistikk, lysforhold og valutstyr som avlukke, urne og stemmesetlar.

Vurdering:

Hemsedal kommune har ein røystekrins og har difor hatt eitt vallokale på valdagen. Ved vala i 2015 og 2017 vart kultursalen i kommunehuset nytta som vallokale og opningstida for stemming var 09.00 - 21.00. Valavviklinga gjekk roleg og effektivt for seg, utan vesentleg venting for veljarane eller kødanning. Det har ikkje kome merknadar vedkomande tilgjenge eller andre forhold i vallokalet som skulle tilseie at det er grunn til å bytte vallokale.

Rådmannen si innstilling:

Vallokale på valdagen måndag 11.september 2019 er Hemsedal Kultursal. Opningstida er kl. 09.00 – 21.00.

5/19 Kommunestyreval og fylkestingsval 2019 - Delegering av mynde

Arkivsak-dok. 19/00278-5

Saksbehandler Nina Eikre

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Valstyret	19.02.2019	5/19

KOMMUNESTYREVAL OG FYLKESTINGSVAL 2019 - DELEGERING AV MYNDE

Saka vert avgjort av:

Valstyret

Vedlegg:

Ingen

Dokument i saka:

[Vallov](#) og [-forskrift](#)

Saksopplysningar:

I kvar kommune skal det vere eit valstyre som er vald av kommunestyret sjølv. Kommunestyret i Hemsedal valde i sak 73/16 representantane i Hemsedal formannskap til valstyre, og ordførar og varaordførar til respektive leiar og nestleiar. Valstyret er etter kommunelova eit fast utval og lova sine reglar om sakshandsaming i faste utval gjeld tilsvarande for valstyret, jf. kommunelova kapittel 6.

Valstyret er ansvarleg for førebuing og gjennomføring av val på kommunalt nivå, men den einskilde kommune bestemmer sjølv organiseringa av dei administrative valoppgåvene.

Når det gjeld høvet til å delegere den styringsmakta valstyret har, vil føresegnene i kommunelova gjelde. Høvet til å delegere omfattar enkeltsaker eller type saker som ikkje er av prinsipiell karakter. Delegering av mynde kan skje til leiaren for valstyret, eit arbeidsutval eller administrasjonssjefen. Det er likevel avgrensingar når det gjeld omfang og sakstype. I KMD si valhandbok (2017-utgåva) pkt. 3.4 står det som følgjer om delegering:

Konkrete enkeltsaker kan delegerast. I tillegg er det høve til å delegere i «typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning». Dette er ein skranke både for kva valstyret kan delegere, og for korleis delegeringsfullmakta kan nyttast. Det er ikkje høve til å delegere generell avgjerdsmyndigheit i saker som må vurderast å vere av prinsipiell betydning. Delegeringsvedtaket må lesast med den avgrensinga at den som har fått delegert myndigheit, har plikt til å gå tilbake til valstyret dersom ei enkeltsak innanfor ei generell fullmakt må vurderast å ha prinsipiell betydning. Kva som er av prinsipiell betydning, må setjast fast ut frå karakteren til og konsekvensane av vedtaket. Føresegna gir dermed valstyret eit vidt rom for å vurdere kva som i det enkelte tilfellet er forsvarleg og føremålstenleg.

Det er ikkje mogleg å gi eksakte svar på kva som er rekna for å vere av prinsipiell betyding slik at myndigheita ikkje kan delegerast. Som ei rettleiing kan ein seie at saker som er av rein praktisk art, sjeldan vil vere av prinsipiell betyding. Det vil typisk vere gjeremål som å setje opp manntal og leggje det ut til alminneleg ettersyn, komme med kunngjeringar, lage lister over klager, underrette veljarar og kandidatar, trykkje stemmesetlar og liknande. Prøving og godkjenning av kurante førehandsstemmegivingar er ikkje av prinsipiell betyding, og kan også delegerast. Valstyret kan likevel ikkje overlata til leiaren å utføre denne oppgåva aleine. Leiaren må gjere det saman med sekretæren i valstyret eller ein annan valmedarbeidar. Dette følgjer av regelen i valforskrifta § 35 som seier at det skal vere to personar til stades ved opninga av stemmegivingar. Vidare seier forskrifta at dersom opninga av omslags- og stemmesetelkonvoluttar skjer samtidig, må det ikkje gjerast av dei same personane. Denne avgrensinga er grunnlagt i prinsippet om hemmelege val.

Ei myndigheit som typisk vil vere av prinsipiell betyding, og som dermed ikkje kan delegerast, er for eksempel å ta avgjerder om listeforslag og om ei tilbakekalling av listeforslag skal godkjennast, og dessutan forkasting av stemmegivingar.

Denne opprekninga av eksempel på kva som er av prinsipiell og ikkje-prinsipiell art, er ikkje meint å vere uttømmende.

Med bakgrunn i det som står over, kan t.d. følgjande oppgåver delegerast frå valstyret til rådmannen/valstyrets sekretær:

- Bestilling av valmateriell og stemmesetlar
- Kunngjeringar; utforming og annonsering. Publisering av valinformasjon på www.hemsedal.kommune.no
- Praktisk arbeid i samband med utlegging av manntal
- Organisere mottak av tidleg- og førehandsstemmer, irekna opplæring av førehandsstemmemottakarar
- Handsame søknadar om innføring i manntal, i samråd med valstyrets leiar
- Handsaming av søknadar vedkomande ambulerande stemmegjeving, i samråd med valstyrets leiar
- Lage lister over ev. klager
- Prøving og godkjenning av kurante førehandsstemmegivingar
- Førebu den praktiske gjennomføringa av valet på valdagen og oppteljing av stemmene, irekna opplæring av stemmestyret og oppnemning og opplæring av teljekorps
- Førebels oppteljing av godkjente førehandsstemmer seinast kl. 16 på valdagen, jf. Vallova §10-5 og førebels oppteljing av valtingsstemmer, jf. §§10-4 og 10-5 i vallova
- Føre valprotokoll
- Pakking og overlevering av fylkestingsstemmesetlane og anna valmateriell saman med signert protokollar til fylkesvalstyret etter valet
- Anna praktisk tilrettelegging for, og gjennomføring av, valet

Forkasting av stemmegivingar og -setlar kan ikkje delegerast og skal handsamast av valstyret sjølv. Likeeins skal endeleg oppteljing av stemmene gjerast under tilsyn av valstyret, jf. Vallova §10-6 (1).

Vurdering:

Delegering av vedtaksmynde frå valstyret til valstyrets leiar og til rådmannen/valstyret sin sekretær er viktig for ei effektiv førebuing og gjennomføring av valet. Det vil lette flyten i

valarbeidet fram mot kommunestyre- og fylkestingsvalet, særskilt fordi det til vanleg ikkje er politiske møter i juli og starten av august.

Rådmannen si innstilling:

Valstyret delegerer til valstyrets leiar å treffe avgjerder i enkeltsaker som ikkje er av prinsipiell karakter.

Rådmannen/valstyrets sekretær får ansvar for den praktiske tilrettelegginga for gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019, medrekna:

- Bestilling av valmateriell og stemmesetlar
 - Kunngjeringar; utforming og annonsering. Publisering av valinformasjon på www.hemsedal.kommune.no
 - Praktisk arbeid i samband med utlegging av manntal
 - Organisere mottak av tidleg- og førehandsstemmer, irekna opplæring av førehandsstemmemottakarar
 - Handsame søknadar om innføring i manntal, i samråd med valstyrets leiar
 - Handsaming av søknadar vedkomande ambulerande stemmegjeving, i samråd med valstyrets leiar
 - Lage lister over ev. klager
 - Prøving og godkjenning av kurante førehandsstemmegivingar
 - Førebu den praktiske gjennomføringa av valet på valdagen og oppteljing av stemmene, irekna opplæring av stemmestyret og oppnemning og opplæring av teljekorps
 - Førebels oppteljing av godkjente førehandsstemmer seinast kl. 16 på valdagen, jf. Vallova §10-5 og førebels oppteljing av valtingsstemmer, jf. §§10-4 og 10-5 i vallova
 - Føre valprotokoll
 - Pakking og overlevering av fylkestingsstemmesetlane og anna valmateriell saman med signert protokollar til fylkesvalstyret etter valet
 - Anna praktisk tilrettelegging for, og gjennomføring av, valet
-

6/19 Godkjenning av protokoll frå møte i valstyret 19.2.2019

Arkivsak-dok. 17/00704-10

Saksbehandler Nina Eikre

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Valstyret	19.02.2019	6/19

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE I VALSTYRET 19.2.2019

Saka vert avgjort av:

Valstyret

Dokument i saka:

Protokoll frå møte i valstyret 19.2.2019

Rådmannen si innstilling:

Protokoll frå møte i valstyret 19.2.2019 vert godkjent
